

Velkommen til kåringsssjå!

Lammet som skal kårast må vera registrert i Sauekontrollen seinast dagen før kåringsdagen med rette opplysningar om øyrenummer, rase, kjønn, fødselsdato, mor, far, haustvekt og vege dato.

Haustvekt skal også være registrert på resten av flokken.

- Eigar må vera medlem av NSG.
- Saueholderen som skal kåre værlam i regi av NSG må fylle ut en egenerklæring om besetningens helsetilstand. Denne skal leverast arrangøren av kåringa ved oppmøte. Vedlagt som pdf eller last ned her https://www.nsg.no/getfile.php/13167503-1661849694/_NSG-PDF-filer/Sau/Sauavl/K%C3%A5ring/2022/Utstillers%20egenerkl%C3%A6ring%20ved%20k%C3%A5ring%20av%20sau%202022-versjon2.pdf

O-indekskravet for NKS er 115 med dispensasjon ned til 110.

Minstekrav for ullengde: Korrigert ull-lengde under 7,0 cm gir 5 i ullkvalitet, og væren skal vrakes.

O-indekskrav kvit spæl er 110 med disp. ned til 105

O-indekskrav farga spæl minst 95 med disp. ned til 85.

Ridehallen ved Attføringscenteret på Rauland, fredag 30 september klokka 09.00

Arrangør: Telemark Sau og Geit.

Styrar av sjået: Olav Brauti / Signe Vinje

Pc-ansvarleg: Torhild Sisjord.

Med som teknisk arr. og tilretteleggar: Vinje og Rauland Sau og geit v/ Kjetil M Vaagen

Landbruksskulen på Søve, laurdag 1. oktober klokka 09.00

Arrangør: Telemark Sau og Geit.

Styrar av sjået: Knut Johan Hvistendahl

Pc-ansvarleg: Torhild Sisjord.

Med som teknisk arr. og tilretteleggar: Nils Ole Gilde, Fjøsmeister på Søve

Kåringsreglar

På både sjåa kan det kårast vêrlam av alle raser som det er kåringsreglar for.

Alle som stiller til kåring bør sette seg inn i dei vedlagte retningslinjene for

kårings sjå i Telemark, og dommarinstruksen. Sjå: <https://www.nsg.no/sau/karing-sau/karingsreglene-2022/>

Alle må ha med grunder og setje opp eiga hegne for å hindre smittespreiing og lette arbeidet med sjået.

Me minnar om viktige rutinar for at du skal ha best mogeleg grunnlag for ei vellukka kåring:

1. Rapportering av haustvekter så tidleg som mogeleg.

2. Påmelding av kåringskandidatar til Torhild Sisjord 90204121

torhild.sisjord@nortura.no innan 28 september eller på NSG's kåringsweb

<https://www.saueavl.nsg.no/>

Tenesta opnar 2 veker før sjået skal haldast, og stenger 2 dagar før sjået.

3. Møte til kåring i god tid.

4. Stille med reine dyr.

5. Lam av farga spæl må ha rasekode 21, kvite må ha rasekode 04 ved påmelding.

Merk at spæl med kvit fell og farga hovud/føtar kan no kårast som farga spæl med fargenemning «tan».

Kåringsavgifta er 200 kroner pr. lam som blir kåra. Derav gjeng 25 kroner til NSG.

Kåringsavgifta vert kravd inn av NSG i etterkant.

Premiering

Sløyfepremie for lam med minimum 9 i gjennomsnitt. Ingen av delpoenga kan vera lågare enn 8.

Spesiallaga premie, handlaga porselenskopp frå Gerd Danbolt Svalastog, for beste ull, spæl og NKS, premie for beste eksteriør (brukseigenskapar og bein), spæl og NKS, Premie for høgst poengsum spæl og NKS, og premie for det beste kåra værlam av andre raser (smårasar).

Det vil vere mogeleg å handle kåra vêrlam frå avlsbuskapar, (ringmedlemmer) og bruksbesetningar på sjåa.

Lam som ikkje er kåra bør ikkje seljast. Det undergrev den kvalitetssikringa som kåringa er, og kjøpar tar ein risiko for å få inn uønskt materiale i flokken sin.

Det er difor viktig at så mange rasar som råd vert stilt til kåring. Det vil òg syne mangfaldet i sauehaldet, og miljøet i Telemark blir sterkare når vi kan samlast til kåring.

For Telemark sau og geit

Leiar Knut Johan Hvistendahl